

KTB: 32 91

019. H

Skafså Kraftverk ANS

3880 DALEN

Vår dato: 22.03.02

Vår ref.: NVE 200200980-6 rs/kca

Arkiv: 911-511.2/019

Dykkar dato: 10.02.2002

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Kjell Carm

33 37 23 12

Løyve til mellombels avvik frå minstevassføringsbestemmelsane i Sæbyggjeåi i Tokke kommune, Telemark

I medhald av lov av 24. november 2000, nr. 82 om vassdrag og grunnvann (vannressursloven) § 8, kgl. res. av 15. desember 2000 og fullmakt gitt av Olje- og energidepartementet 19. desember 2000, gir Norges vassdrags- og energidirektorat i det vi viser til søknad av 10.02.02 løyve til Skafså Kraftverk ANS til å dispensere frå bestemmelsen om minstevassføring ut av Borsæ. Det vert gjeve løyve til å gå under det pålagte minstevassføringspålegget for Sæbyggjeåi i ein 14 dagar lang periode i tida 01.04.02 til 25.04.02 på følgjande vilkår.

1. Reduksjonen i vassføring skal skje så kort tid som mogleg.
2. Det skal i heile perioden sleppast minst 150 l/s frå Borsæ til Sæbyggjeåi.
3. For å undersøkje om reduksjonen i vassføring har påverka klekking av aurerogn på Driftøyvadet skal Skafså Kraftverk ANS gjennomføre undersøkingar av klekking i gytetropene våren 2002.

./.. Grunngjevinga for vedtaket er gjeve i KTV-notat nr. 23/2002 som er lagt ved.

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kap VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE.

Vi gjer merksam på at Skafså Kraftverk ANS sjølv må ordne forholdet til dei private interesser som eventuelt måtte bli skadelidande av tiltaket.

Med helsing

Bjørn Wold
avdelingsdirektør

Rune Flatby
seksjonssjef

Vedlegg: KTV notat nr. 23/2002 Bakgrunn for vedtak

Kopi m/vedlegg: Fylkesmannen i Telemark, 3708 SKIEN
Tokke kommune, 3880 DALEN
Internt: RS, HH